



Køreløyve ved evt. bil/bussturar

Når skulen eller barnehagen skal på utflukt der ein må bruka privatbil eller buss, må me ha foreldra sitt skriftlege samtykkje om at dette er greitt. Ved privatkøyring tenkjer me i utgangspunktet at både tilsette og foreldre på skulen/barnehagen kan køyra.

Ber om at alle heimane kryssar av på lappen under om de gir løyve til dette eller ikkje, og levera denne tilbake til skulen/barnehagen.

- Eg/me **gir løyve til** at barnet vårt kan vera med på utflukter med buss eller privatbil. For barnehageborna gjeld løyvet så lenge barnet går i barnehagen – og for elevane ut barneskuletida – eller til anna melding vert gitt.
- Eg/me vil **ikkje** at vårt barn skal køyra med privatbil på utflukter.

Namn på barnet

Dato + føresette si underskrift

Fotografering/video/avisreportasjar

På skulen / i barnehagen vert barnehagebarn /elevar både fotografert og filma. Innimellom kan me òg få besøk av journalistar som vil laga ein reportasje. Radøy-nytt reportasjar og bruk av heimesider på internett er også svært aktuelt.

Dei foreldra som samtykkjer i at barna er med i reportasjar m/ bilete, skal kvart år underteikna ei erklæring på at dei godkjenner dette.

Tilsette vil til ei kvar tid halda seg til gjeldane retningslinjer for å ivareta personvernet. På baksida av dette skjemaet finn de Radøy kommune sine retningslinjer for publisering av bilete med barn.

- Eg/me **gir løyve til** at foto eller video av vårt barn kan nyttast i offentlege media.
- Eg/me vil **ikkje** at foto eller video av vårt barn skal kunna nyttast i offentlege media.

Namn på barnet

Dato + føresette si underskrift



Retningslinjer for publisering av bilete av barn

1. Ingen barn under 15 på skular og i barnehagar kan fotograferast eller filmast for offentlig bruk, utan at foreldre/føresette har gitt løyve.
2. Rektor/styrar er ansvarleg for at det vert innhenta slikt løyve ein gang i året.
3. Ønskjer ein å bruke bilete av barn offentlig over lang tid (for eksempel til illustrasjonar på nettsidene/eller i trykksaker/brosjyrar), bør ein innhente skriftlig godkjenning frå foreldre/føresette.
4. Foreldre/ føresette må bli gjort merksame på at dei kan nekte at barna deira blir fotografert. Styrar/rektor må informera om det. (Gjeld ikkje offentlege arrangement.)
5. Skulen/barnehagen bør fjerne bilete frå nettsidene ein gang i året.
6. Når ein publiserer bilete av barn offentlig, bør ein unngå å bruke fullt namn. Det er ofte nok med fornamn, eller for eksempel "elevane på 3.-trinnet koste seg i snøen."
7. Ved offentlige tilskipingar på skulane og i barnehagane, er det rektor/styrar som bestemmer kvar det kan fotograferast og kvar det ikkje kan fotograferast.
8. Retningslinjene er laga for at folk skal skjønne at dei har et stort ansvar dersom dei offentliggjør/publiserer bilete utan samtykke. Retningslinjene er ikkje meint å avgrense moglegheita til at foreldre og andre skal kunne ta bilete til eige bruk på skulane og barnehagane sine arrangement.
9. Rektorane og styrarane har et stort ansvar for å tydeliggjere dette overfor dei som tar bilete.

Tekniske krav til bilete av personar

Hugs på at bileta kan lastast ned frå nettsida, og takast ut av sin opprinnlege samanheng. I tillegg til at ein risikovurderer sjølvve biletet, bør ein sørgja for at kvaliteten på biletet er slik at den vanskeleggjer at biletet vert lasta ned og misbrukt.

1. Bilete skal ikkje lastast opp på nettsida større enn dei skal visast på nettsida.
2. Ein må i kvart tilfelle vurdera kor stort biletet må vera for å det skal kunna tena som illustrasjon. Bilete skal ha maks oppløysing på 72 dpi